

Temaplan for avløp 2026-2035



Utanfor allfarveg. Heldigvis.



Samandrag

Temaplan for avløp skal vere eit styrande dokument for arbeidet med avløp i planperioden 2026-2035. Eksisterande situasjon er kartlagt, det er formulert mål og utarbeidd ein handlingsplan som viser aktuelle tiltak for å kunne oppfylle måla.

Sande kommune har litt over 2400 innbyggjarar. Av desse bur nesten 50 % i tettstad fordelt på Larsnes (ca. 450 innbyggjarar), Haugsbygda (ca. 380) og Gjerdsvika (ca. 355). Statistisk sentralbyrå (SSB) sin prognose viser ein liten folketalsnedgang fram mot 2050.

Total lengde på leidningsnettet er på 40,7 km. Total lengde på privat avløpsleidningar er 2,5 km. Det er definert 15 avløpsdistrikt der ti er ureina og fem har slamavskiljar. Det er registrert 720 privat avløpsanlegg.

Det er planlagt utskifting av rett over 4 km og utviding av ca. 2,1 km med avløpsleidningar i planperioden 2026-2035. Årleg utskiftingsrate er på 1%. Det vert planlagt å etablere slamavskiljar i Larsnes, Haugsbygda, Sandshamn og Kvamsøy.



Innhald

1	
2	
Samandrag.....	2
1 Innleiing	5
1.1 Kva er temaplan for avløp?	5
1.2 Kommunedelplan avløp 1999 - 2003.....	5
2 Kommunen sine roller innanfor avløpssektoren.....	6
2.1 Planlegging og regulering.....	6
2.2 Forvaltningsmynde	6
2.3 Anleggseigar	6
3 Rammevilkår	7
3.1 Sentrale lover og forskrifter	7
3.1.1 EU sitt nye avløpsdirektiv (2025).....	7
3.1.2 Forurensningsloven.....	7
3.1.3 Forurensningsforskriften.....	7
3.1.4 Vass- og avløpsanleggslova.....	8
3.1.5 Plan og bygningslova	8
3.1.6 Vassforskrifta	8
3.1.7 Folkehelseloven	9
3.1.8 Internkontrollforskriften	9
3.1.9 Byggherreforskriften	9
3.1.10 Drikkevannsforskriften.....	9
3.1.11 Gravplassforskriften	9
3.2 Andre relevant dokument	9
3.2.1 Nasjonale mål for vatn og helse med gjennomføringsplan	9
3.2.2 Kommunal planstrategi 2023-2027	9
3.2.3 Føresegner til kommuneplanen sin arealdel (2014-2016).....	10
3.2.4 Standard abonnementsvilkår for vann og avløp.....	10
4 Demografisk utvikling, utfordringar og mål	11
4.1 Demografisk utvikling	11
4.2 Utfordringar	11
4.3 Målsetting for avløpssektoren.....	12
4.3.1 Generelt	12
4.3.2 Resipientar	12



4.3.3	Kommunale avløpsanlegg	14
4.3.4	Private avløpsanlegg	14
5	Dagens situasjon for avløpsanlegg og vassmiljø	16
5.1	Resipientar	16
5.1.1	Sjø	19
5.1.2	Ferskvatn	19
5.1.3	Påverknad av kommunale avløpsanlegg på vassførekomstar	20
5.1.4	Påverknad av industri	20
5.1.5	Påverknad av landbruk og akvakultur på vassførekomstar	20
5.2	Kommunale avløpsanlegg	20
5.2.1	Avløpsdistrikt	20
5.2.2	Slamavskiljar	21
5.2.3	Avløpspumpestasjonar	22
5.2.4	Leidningsnett	22
5.2.5	Utsleppsløyve for kommunalt anlegg	23
5.3	Private avløpsanlegg	24
6	Strategi og tiltak	25
6.1	Tiltak for reinsing av avløp	25
6.2	Tiltak leidningsanlegg	26
6.2.1	Tiltak Larsnes	26
6.2.2	Tiltak Sandshamn	26
6.2.3	Tiltak Haugsbygda	26
6.2.4	Tiltak Kvamsøy	27
6.2.5	Tiltak Gjerdsvika	27
7	Handlingsplan	28
8	Automatisk freda kulturminne	29
9	Gebyrutvikling	29
10	Reglar for privat tilknytning	29
	Liste figurar	31
	Liste tabellar	32
	Referansar	33
	Vedlegg	35



1 Innleiing

1.1 Kva er temaplan for avløp?

Temaplan for avløp skal ivareta Sande kommune sitt ansvar for å sikre innbyggjarane tilgang til gode avløpsløyser og samtidig verne om miljøet gjennom berekraftig handtering av avløpsvatn. Planen skal gje oversikt og status for infrastruktur og anlegg innanfor avløp, og legge til rette for ei strategisk utvikling som gjer det mogeleg å møte framtidige behov og utfordringar.

Temaplanen er viktig for å sikre folkehelse og ytre miljø. Den bør nyttast som eit verktøy for å oppnå berekraftige løysingar for avløp i Sande kommune.

Temaplan for avløp 2026-2035 skal erstatte tidlegare kommunedelplan for avløp frå 1999. Temaplanen skal vere grunnlag for langsiktig styring av avløpsanlegget i Sande kommune.

Det er fyrst skildra kommunen sitt ansvar og rammeverk for avløpssektoren i Sande kommune. Deretter er det sett opp mål og delmål for kommunale og private avløpsanlegg inkludert vassmiljø og kvalitet til vassførekomstar. Vidare gjev analysen av eksisterande avløpsanlegg og vassførekomstar grunnlag for å planlegge og prioritere tiltak i ein handlingsplan som går over ti år.

1.2 Kommunedelplan avløp 1999 - 2003

Bakgrunnen for kommunedelplan avløp 1999 var at Sande kommune i løpet av 1990-åra utarbeidde to kloakkrammeplanar for heile kommunen. Ein for perioden 1992/1994-2000 og ein for perioden 1994/1997-2004. I samband med den fyrste planen fekk kommunen eit generelt utsleppsløyve gjeldande til 30.06.1993. Den siste planen vart ikkje godkjend på grunn av for høge kostnader og nytt utsleppsløyve vart difor ikkje innvilga. Stortinget hadde også eit vedtak frå Stortingsmelding 46/89 med krav om full opprydding innanfor avløpssektoren i heile Norge innan år 2000. Oppryddingskravet gjaldt også utslepp frå separate avløpsanlegg.

I avløpsplanen frå 1999 var avløpsområda i Sande kommune delt inn i fire avløpsområde (Gurskøy Nord/Sør, Øyane og Fastlandet) og ti avløpssoner (Gjerdsvika, Haugsbygda, Vågen, Larsnes, Skredestranda, Kvamsøy, Voksa, Sandsøy, Hakallestranda og Sørbrandal). [1] Inndelinga blir revidert i denne planen.



2 Kommunen sine roller innanfor avløpssektoren

Kommunen er ansvarleg for både planlegging, drift og vedlikehald av avløpsinfrastruktur, samtidig som dei skal overhalde nasjonale og lokale krav til berekraftig vassforvaltning og helsemessig forsvarlege forhold for innbyggjarane sine. Gjennom myndigheitsansvar kan kommunen stille krav til tilkopling, handtering av avløpsvatn, utsleppsløyve og førebyggjande tiltak for å redusere forureining til vassmiljøet. For å opptre korrekt i dei forskjellige rollene, er det viktig at kommunen har eit bevisst forhold til kva rolle som vert utøvd og kva den medfører.

2.1 Planlegging og regulering

Kommunen har ansvar for å utarbeide kommuneplanar i samsvar kommunen sin overordna planstrategi. For avløpssektoren tyder det at det skal utarbeidast temaplanar. Kommunen er også planmyndigheit for reguleringsplanar. I VA-norm for Sunnmøre som Sande kommune er ein del av, er det sett krav til utarbeiding av VAO-rammeplan i samband med reguleringsarbeid. I VA-norma står det følgjande:

«Rammeplanen skal vise prinsipppløysingar for vatn- og avløpsanlegg for området og skal sjåast i samanheng med arealbruken, ettersom planlagt utforming og bruk av overflateareal er sentralt for korleis overvasshandteringa vil fungere. Rammeplanen skal vere i tråd med overordna hovudplanar og vil vere retningsgjevande for vidare detaljprosjektering.»

2.2 Forvaltningsmynde

Kommunen har både ein juridisk og administrativ funksjon som forvaltningsmynde, og ofte har kommunane eigne lokale forskrifter knytt til vatn- og avløpsgebyr. Kommunen har ansvar for å utarbeide forskrifter, gje tillate til utslepp og kontrollere og handheve at både kommunale og private avløpsanlegg overheld gjeldande lovar og miljøkrav.

I tillegg har kommunen ansvar for å informere og rettleie innbyggjarane om gjeldande krav og beste praksis for avløpshandtering. Kommunen utøver tilsyns- og kontrollansvar ved å gjennomføre inspeksjonar og evaluere. Dei kan også gje pålegg om utbetringar eller krevje tiltak viss avløpssystem ikkje tilfredsstiller gjeldande krav. Kommunen har forvaltningsmynde for mellom anna plan- og bygningsloven (PBL), forurensningsloven, folkehelseloven og vass- og avløpsanleggslova. Kommunen er sjølv også anleggseigar i nokre tilfelle, og får då rolla som forureinar.

2.3 Anleggseigar

Kommunen har som eigar av vass- og avløpsanlegg ansvar for dagleg drift, overvaking og vedlikehald av avløpsnettet og anlegga i tillegg til juridisk og økonomisk ansvar. Kommunen må sørge for nødvendig oppgradering, rehabilitering og tilpassing av avløpsanlegg for å møte nye krav og utfordringar som til dømes handlar om transport og reinsing av avløpsvatn før det blir sleppt ut til resipient, urbanisering og klima. Det juridiske omfattar mellom anna forurensningsloven, forurensningsforskriften, vass- og avløpsanleggslova, drikkevannsforskriften, internkontrollforskriften og byggherreforskriften. Kommunen har også beredskapsansvar for handtering av uventa hendingar som til dømes flaum eller forureiningsutslepp som kan skade miljø og helse. Kommunen er også eigar og forureinar med driftsansvar for avløpsnett og reinseanlegg omfatta av kap. 13 og 14 i forurensningsforskriften.



3 Rammevilkår

Rammevilkår refererer til dei overordna vilkår og retningslinjer som påverkar planlegging, bygging, drift og vedlikehald av eit avløpssystem. Rammevilkåra vil fungere som eit sett av føringar som legg premisser for korleis avløpssystem kan planleggjast, driftast og utviklast innanfor gjeldande rammer.

3.1 Sentrale lover og forskrifter

Det finst fleire sentrale lover, forskrifter, rundskriv og anna som regulerer forvaltning og drift av avløpssektoren. I dette kapittelet er nokre av dei presentert.

3.1.1 EU sitt nye avløpsdirektiv (2025)

EU godkjente 27.11.2024 eit nytt avløpsdirektiv, og dette får konsekvensar for Norge gjennom EØS-avtalen. Direktivet tredde i kraft 01.01.2025, og EU sine medlemsland har frist til 31.07.2027 med å sette i verk direktivet. Sidan Norge ikkje er medlem av EU må direktivet gjennom ein EØS-prosess før nye krav frå revidert direktiv trer i kraft her til lands. Regjeringa har uttalt at endringane er vurdert til å være EØS-relevant og akseptable. Kor lang tid gjennomføringa til norsk regelverk vil ta er det ingen som veit per dags dato. Enn veit heller ikkje korleis implementeringa vil bli i Norge då EU-direktivet set minimumskrav.

Det nye EU-direktivet påverkar fleire sentrale område innanfor avløpsbransjen. Det er i lista under fleire punkt som kan vere relevante for kommunar langs kysten under 10 000 Personekvivalent (Pe):

- Det vert ikkje lenger skilt mellom normalt, følsame og mindre følsame område.
- Definisjon for tett busetnad gjelder frå 1 000 Pe.
- Det blir sett krav til sekundærreinsing for alle tette busetnadar. Avløpsanlegga skal tilfredsstille dei nye reinsekrav innan 31.12.2036.

Lenke til EU-direktivet, oversikt av reviderte EU-krav og meir informasjon om prosessen i EU samt vegen vidare for Norge finst på heimesida til Norsk Vann. [2]

3.1.2 Forurensningsloven

Forurensningsloven er svært sentral for avløpssektoren då lova regulerer utslepp av avløpsvatn. Formålet med lova er å verne natur og miljø mot forureining, redusere avfallsmengde og unngå helseskade på alt levande. Lova set krav til reinsing, utsleppsløyve og tiltak for å redusere skadelege utslepp til vatn og grunn. [3]

3.1.3 Forurensningsforskriften

Forurensningsforskriften del 4 handlar om avløp, og innanfor avløpssektoren er kapittel 11-15 viktig. Formålet med kapitla er å verne miljøet mot avløpsvatn [4]. Forskrifta er svært sentral for kommunen si operative- og tilsynsrolle i avløpssektoren. Den gjev detaljerte reglar som blir sett i forurensningsloven, og dekkjer mellom anna utsleppskrav, målingar og overvaking. I tillegg skildrar den krav til drift og vedlikehald av dei kommunale avløpsanlegga.

Vassførekomstane i Norge er delt inn i normale, følsame og mindre følsame område. Klassifiseringa har innverknad på kva reinsekrav som vert stilt for utsleppet. Forurensningsforskriften fastset standardiserte krav for utslepp av kommunalt avløpsvatn. I

det nye avløpsdirektivet er oppdelinga i følsame og mindre følsame område teke vekk. Alle resipientane vil få same reinsekrav.

Ansvaret som forureiningsmynde medfører fleire forvaltningsoppgåver for kommunen:

Kommunen er forureiningsmynde for avløpsanlegg som er klassifisert under kapittel 12 og 13. Det er spesifisert under kva omfang dei forskjellige kapitla i forurensningsforskriften har. Tersklane for Pe vert endra i revidert avløpsdirektiv, sjå §3.1.1.

- *Kapittel 12. Krav til utslipp av sanitært avløpsvann fra bolighus, hytter og lignende.* Gjeld utslepp av avløpsvatn frå mindre enn 50 Pe. Etter kapittel 12 kan kommunen fastsetje lokal forskrift dersom det er naudsynt ut frå forhold som gjeld forureining eller brukarinteresser.
- *Kapittel 13. Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra mindre tettbebyggelser.* Gjeld utslepp av avløpsvatn frå tett busetnad med samla utslepp mindre enn 2000 Pe til ferskvatn eller elvemunning og mindre enn 10.000 Pe til sjø.
- For kapittel 14-15 er det Statsforvaltaren som er forureiningsmynde.

Kapittel 16. Kommunale vann- og avløpsgebyrer.

Kommunen er tenesteytar overfor kommunen sine innbyggjarar og næringslivet fordi kommunen handterer avløpsvatn på vegne av brukarane. Kostnader kan dekkast inn via gebyr etter sjølvkostprinsippet. Kommunen kan krevje inn avløpsgebyr for levering av avløpstenester. Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnader til avløpssektoren, men det kan også vedtakast lokal forskrift om saksbehandlings- og kontrollgebyr for å finansiere tilsyn.

3.1.4 Vass- og avløpsanleggslova

Lova sikrar at kommunen sine innbyggjarar får tilgang til trygge avløpstenestar. Den regulerer kommunen sine rettar og plikter knytt til eigarskap, drift og forvaltning av avløpsanlegg. Nye anlegg skal vere kommunalt eigde medan eksisterande anlegg kun kan overdragast til kommunen. Kommunen kan gje løyve til private anlegg i spesielle tilfelle, fastsette avløpsgebyr og har myndigheit til innkreving. [5]

3.1.5 Plan og bygningslova

Kommunen skal i plan- og byggjesaker sørge for at avløpsløysinga er tilfredsstillande med plassering og utforming før byggjeløyve vert gitt. Det medfører bl.a. at kommunen har ansvar for å følgje opp tilknytingsplikt til avløpsanlegga. Før kommunen kan godkjenne oppretting eller bruksendring av ny eigedom eller nybygg, må bortleiing av avløpsvatn vere sikra og i samsvar med forureiningslova. Vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private avløpsanlegg kan berre skje med løyve frå kommunen. [6]

3.1.6 Vassforskrifta

Vassforskrifta er ei forskrift om rammer for vassforvaltninga i Noreg. Forskrifta implementerer EU sitt vassdirektiv, og stiller krav til god økologisk og kjemisk tilstand i alle norske vassførekomstar. Kommunen må ta omsyn til denne forskrifta i planlegging og drift av avløpsanlegg, spesielt med tanke på utslepp til vassdrag og andre resipientar. Forskrifta skal sikre at vassforvaltingsplanar blir oppdatert kvart sjette år. Vassforvaltninga til kommunen skal også vere heilskapleg og samordna på tvers av sektorar. Forskrifta vert forvalta av Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet. » [7] [8]



3.1.7 Folkehelseloven

Lova er relevant for avløpssektoren gjennom krav om å hindre helsefare knytt til dårleg avløpshandtering, fordi folkehelseloven gir kommunen eit ansvar for å sikre og planlegge for trygge levevilkår. Kommunane har også ansvar for å kartlegge og analysere folkehelsesituasjonen i tillegg til å iverksette tiltak som reduserer helserisiko og fremmar livskvalitet. [9]

3.1.8 Internkontrollforskriften

Internkontrollforskriften pålegg alle verksemder som har tilsette å ha eit system for å sikre at helse-, miljø- og sikkerheitskrav (HMS) blir overhaldne. I avløpssektoren hjelper den kommunen med å etterleve krava i lovgjevinga av forureining og folkehelse for å sikre sikker drift og vedlikehald. Arbeidstilsynet fører tilsyn med forskrifta. [10]

3.1.9 Byggherreforskriften

Byggherreforskriften skildrar pliktene som byggherren har gjennom heile bygge- eller anleggsprosessen. Desse skal sikre at sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassen blir ivaretekne, noko som blir aktuelt ved planlegging, prosjektering, utbygging og vedlikehald av avløpsanlegg. [11]

3.1.10 Drikkevannsforskriften

Drikkevassføreskrifta er primært retta mot vassforsyning, men gjeld også avløpssektoren ved at forureining frå avløp ikkje skal påverke drikkevasskjelder slik at innbyggjarane har tilgang til helsemessig trygt drikkevatt. Forskrifta er difor indirekte relevant for avløpsforvaltning. Planlegging av avløpsanlegg må inkludere risikovurderingar for å verne vasskvaliteten, og drifta må følge strenge rutinar for overvaking og beredskap. Det er Mattilsynet som har forvaltingsansvaret for drikkevassføreskrifta. [12]

3.1.11 Gravplassforskriften

Gravplassforskriften regulerer gravplassforvaltning, og er i utgangspunktet lite relevant for kommunen sitt avløpsansvar. Likevel kan det vere visse omsyn å ta, knytt til grunnforhold, drenering og mogleg avrenning frå gravplassar. Særleg i område med høg grunnvasstand, eller nærleik til vassdrag, kan det vere aktuelt å vurdere moglege konsekvensar for vassmiljø. I § 8 i føreskrifta blir det stilt krav til drenering og plassering av rør, mellom anna for å sikre at høgaste grunnvasstand ligg minst 0,3 meter under kiste eller urne. Kommunen bør i planlegging og forvaltning av avløpssystem vere merksam på desse forholda, sjølv om det ikkje er egne krav til overvaking av avrenning frå gravplassar i føreskrifta. [13] [14]

3.2 Andre relevant dokument

Det finst fleire dokument som er relevante for avløpssektoren.

3.2.1 Nasjonale mål for vatn og helse med gjennomføringsplan

Regjeringa vedtok i 2024 ein revidert versjon av dei 25 nasjonale måla for vatn og helse som er gitt i nasjonale mål for vatn og helse (opphavleg 2014). Måla er fastsette med utgangspunkt i WHO (*World Health Organization*) og UNECE (*United Nations Economic Commission for Europe*) sin protokoll «*Protocol on Water and Health*». Føremålet er å oppnå tilstrekkeleg forsyning av reint vatn og tilfredsstillande sanitære forhold for alle. 8 av dei 25 nasjonale måla i rapporten nemner ordet avløp. [15]

3.2.2 Kommunal planstrategi 2023-2027

Sande kommune har per dags dato ingen gjeldande temaplan for avløp. [16]



3.2.3 Føresegner til kommuneplanen sin arealdel (2014-2016)

Under 2. Generelle bestemmingar, 2.11 b. Krav til teknisk plan står avløp nemnt ved at «*Trase fram til tilknytingspunkt til kommunal vassforsyning og avløp skal gå fram av plandokumenta*». [17]


3.2.4 Standard abonnementsvilkår for vann og avløp

I 2014 vedtok Sande kommune å innføre Kommunesektorens organisasjon (KS) sine standard abonnementsvilkår for avløp. Abonnementsvilkåra seier noko om det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent i samband med tilknytning til offentlege avløpsanlegg. Kommuneforlaget AS har på vegne av KS rettighetene. Sande kommune har derfor ikkje løyve til å distribuere dei tekniske vedtaka. [18]

4 Demografisk utvikling, utfordringar og mål

4.1 Demografisk utvikling

Folketalet i Sande kommune låg på 2435 i 2024 og er nedgåande. Prognose frå SSB syner at innbyggjartalet skal halde fram å gå ned mot 2375 i 2050. Befolkninga er spreidd på Gurskøy og på øyane. Om lag 80 % av befolkninga er busett på Gurskøy. Det finst fem tettstader på Gurskøy med 300-500 innbyggjarar, sjå Figur 1.



Figur 1 – Tal for befolkninga av dei forskjellige tettstadane i kommunen i 2013, 2017, 2020, 2023 og 2024 [19].

4.2 Utfordringar

Sande kommune er karakterisert ved mykje spreidd busetnad langs kysten. Det er krevjande forhold for å samle alt avløp til eit felles avløpsnett. Det er fleire eigedommar med privat anlegg (720 stk.) enn abonnentar påkopla kommunalt anlegg (628 stk.). Det finst også individuelle avløpsanlegg i nærleiken av kommunale avløpsanlegg.

Leidningskartet i kommunen er mangelfullt og det er lite oversikt over leidningsalder og materialbruk på leidningar. Sjølv om det berre er kartlagt nokre få felles avløpsleidningar er det sannsynleg at det er ført overvatn til avløpsleidningane.

Pumpestasjonane er ikkje utstyrt med sensor for overløp, noko som gjer det vanskeleg å følgje opp om det er mykje framandvatn tilført til avløpsnettet. Larsnes og Haugsbygda, to av de største tettstadene i kommunen, har direkte utslepp til fjorden.

4.3 Målsetting for avløpssektoren

Sande kommune skal forvalte og utvikle avløpsanlegg på ein berekraftig måte som sikrar tilfredsstillande miljøtilstand til resipientane. Hovudformålet er å gjennomføre framtidsretta og driftssikre tiltak som tilfredsstiller gjeldande krav og eventuelt tilrettelegging for komande krav. For å kunne innfri dette er det viktig å ha konkrete mål. Under er det lista opp målspesifikasjonar for generelle mål, resipientar, kommunale avløpsanlegg og private avløpsanlegg. Det er viktig at kommunen har ei heilskapleg avløpsforvaltning der ein planlegg og samordnar investeringar i avløpssektoren med andre sektorområder.

4.3.1 Generelt

Målspesifikasjon:

- God teknisk funksjon og tilstand for avløpsanlegga.
- Tilrettelegging av avløpssystem for utbyggingsområda i samsvar med kommunale planar.
- Kostnadseffektiv utbygging, drift og vedlikehald av avløpsanlegg for å unngå at gebyra for abonnentane vert høgare enn nødvendig.
- Årsgebyra skal fullt ut dekke kommunen sine utgifter på avløpsområda. Kvart år skal det utarbeidast årsrapport som viser alle utgifter og inntekter på sjølvkostområda.
- Kommunen skal sette kundar og miljø i fokus, og drifte avløpsanlegga på ein kostnadseffektiv og berekraftig måte.
- Gje god informasjon på kommunen si heimeside om mellom anna kommunale føreskrifter, gebyr og vakttelefonar.
- Leidningsnett og installasjonar skal sikrast så høg levetid som mogeleg. Alt arbeid på eksisterande og nye anlegg skal utførast i samsvar med gjeldande VA-norm.

4.3.2 Resipientar

Målspesifikasjon:

- Utslepp av avløpsvatn skal ikkje føre til at miljøtilstanden i vassførekomstar vert forringa og førekomstane skal vere godt eigna for bading, rekreasjon og fiske.
- Etablere slamavskiljarar ved utsleppspunkta som ikkje er reinsa per dags dato. Det skal fokuserast på utsleppa med største tal abonnentar påkopla.
- Gjennomføre frekvens for prøvetaking av utslepp i samsvar med gjeldande krav.
- Redusere forureining frå overløp, lekkasje og feilkoplingar på leidningsnett. Prioritere tiltak ved sårbare resipientar.
- Registrere klager og meldingar for å setje i verk tiltak der det er nødvendig.
- Klager og meldingar frå publikum om driftsproblem mv. skal svarast på «utan ugrunna



opphald» i tråd med Forvaltningslova §11a.

4.3.3 Kommunale avløpsanlegg

Målspesifikasjon:

- Avløpsanlegga skal tilfredsstille krav i forureiningsførekrifta.
- Alle avløpsanlegg skal ha godkjent utsleppsløyve.
- Avløpsanlegga skal minst ha standard utforming som dekkjer krava i gjeldande regelverk. Anlegga skal vere utforma slik at helse, miljø og sikkerheit er ivareteke for driftspersonell.
- Eigedomar som det er bygd på innanfor avløpsdistriktet, skal vere tilkopla kommunalt avløpsanlegg.
- Avløpsnettet skal ha tilstrekkeleg kapasitet, både i forhold til forventa klimaendringar og auka folketal.
- Alle overløp skal vere kartfesta. Overløp frå pumpestasjonar og reinseanlegg skal ha berekna, eller registrert driftstid.
- Opplysningar om djupn, posisjon og dimensjon på alle utsleppsleidningar frå reinseanlegg og overløp skal vere kjende og dokumenterte.
- Mengde framandvatn i avløpsnettet (regnvatn, sjøvatn m.m.) skal reduserast.
- Kommunen skal ha oversikt over alle påslepp frå industri, og ved behov utarbeide avtalar om påslepp.
- Kommunen skal ha oversikt over alle feittutskiljarar og føre kontroll med at desse vert tømt regelmessig.
- Årleg fornying av avløpsnettet skal vere minimum 1 %.
- Årleg vurdere behov for fornying og utviding av avløpsanlegga i arbeidet med budsjett og økonomiplan.
- Driftskontrollsystem og FDV-system skal brukast aktivt.
- Internkontrollsystemet (IK-system) skal være oppdatert.
- Kommunen skal ha kompetanse og kapasitet til effektiv planlegging, forvalting, drift og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg.
- Kommunen skal ha eit oppdatert digitalt leidningskart, både for kommunale og private avløpsanlegg.
- Kommunen skal registrere alle driftshendingar på leidningsnettet og pumpestasjonar, anten i leidningskartet eller i eige FDV-system.
- Legge til rette for avløpsanlegga i utbyggingsområda som er avsett i kommuneplanen.
- Livsløpsvurdering skal gjennomførast ved innkjøp over kr 500.000 i samband med utbygging og drift.

4.3.4 Private avløpsanlegg


Målspesifikasjon:

- Alle avløpsanlegg skal vere registrert med lokalisering (reinseanlegg og utsleppspunkt), type anlegg og tilstand.
- Alle avløpsanlegg skal ha godkjent utsleppsløyve.
- Kommunen skal føre tilsyn med at avløpsanlegga stettar krava i forureiningføreskrifta.
- Sanere private avløpsanlegg ved tilkopling til offentlig avløpsanlegg dersom det er fornuftig ut i frå ei kost/nytte vurdering. Gjeld for område der kommunen etablerer nytt offentlig leidningsnett.
- Kommunen skal ha oversikt over alle oljeutskiljarar og føre tilsyn med desse.
- Kommunen skal ha kompetanse og kapasitet til å utføre oppgåver og tilsyn som forureiningsmynde.

5 Dagens situasjon for avløpsanlegg og vassmiljø


5.1 Resipientar

Sande kommune er en del av vassområdet Søre Sunnmøre saman med Hareid, Ulstein, Ørsta, Volda og Vanylven kommune, sjå Figur 2. Det er 17 utsleppspunkt frå avløpsanlegg over 10 personekvivalent (Pe) der 11 er ureina og 6 går gjennom slamavskiljar.



Figur 2 - Vassområde Søre Sunnmøre [20].

Økologisk og kjemisk tilstand er vurdert for registrerte vassførekomstar i regional vassforvaltningsplan. Eit tiltaksprogram er etablert for oppnå miljømålet innanfor 2027, sjå Figur 3. Figur 4 ser ein kvalitet for vassførekomstar i Sande kommune samt nokre av utsleppspunkta. Når vassførekomstar er sterkt modifisert, til dømes eit regulert vassdrag, er det snakk om økologisk og kjemisk potensial.



Figur 3 - Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram [20].

Økologisk tilstand vert vurdert basert på forskjellige indikatorar for akvatisk liv (f.eks. planteplankton, fisk og botnfauna) og turbiditet/siktdjupne, konduktivitet, forsuringstilstand, nitrogen- og fosfortilhøve. Det er registrert 30 vassførekomstar i Sande kommune, sjå Tabell 1. Blant desse er det 2 vassførekomstar som er registrert som sterkt modifisert (SMVF).

Tabell 1 - Type vassførekomstar i Sande kommune [21].

Vasstype	Antal registrert	Storleik
Kystvatn	11	617 km ²
Innsjø	5	3 km ²
Elv	14	130 km

Figur 4 - Kommunale avløpsutslepp og økologisk tilstand til vassførekomst [21].

5.1.1 Sjø

Økologisk og kjemisk tilstand, eller potensial for vassførekomst av kystvatn, sjå Tabell 2. Dei fleste resipientane er kartlagde som moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.

Tabell 2 – Tilstand kystvatn i Sande kommune [21].

Resipient	Vasstype	Økologisk tilstand/potensial	Kjemisk tilstand/potensial
Udefinert	Kystvatn	0	6
Svært dårlig	Kystvatn	0	0
Dårleg	Kystvatn	0	5
Moderat	Kystvatn	8	0
God	Kystvatn	2	0
Svært god	Kystvatn	1	0

Økologisk og kjemisk tilstand, eller potensial for vassførekomst av kystvatn, sjå Tabell 2. Dei fleste resipientane er kartlagde som moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.

I Gjerdsvika, Gursken (Vågen), Haugsfjorden, Hallefjorden og Rovdefjorden er det påvist kjemisk forureining i botnsedimenta.

I Gjerdsvika og Gursken er det vurdert moderat tilstand for norsk sensitivtetsindeks (NSI) for marin blautbotsfauna.

I Haugsfjorden er det indikatorsartsindeks (ISI) som er dårleg og gir moderat økologisk tilstand.

5.1.2 Ferskvatn

Økologisk og kjemisk tilstand for vassførekomst av ferskvatn ser ein i Tabell 3.

Sædalsvatnet og Gjerdsvikelva er registrert som sterkt modifisert grunna stor reguleringshøgde (29,4 meter) knytt til kraftproduksjon. Det er ingen krav til minstevassføring i elva og det er ikkje kjent kvar stor restvassføringa i elva er.

Myklebustelva, Brekkeelva og Vågselva har dårleg økologisk tilstand grunna tilstand for sjøaure. Det er derimot påvist svært god tilstand for elvemusling i Vågselva.

Tabell 3 – Tilstand innsjøar og elvar i Sande kommune [21].

Resipient	Vasstype	Økologisk tilstand/potensial	Kjemisk tilstand/potensial
Udefinert	Elv	1	15
Udefinert	Innsjø	0	5
Svært dårlig	Elv	1	0
Dårleg	Elv	2	0
Moderat	Elv/Innsjø	0	0
God	Elv	11	0
God	Innsjø	5	0
Svært god	Elv/Innsjø	0	0

5.1.3 Påverknad av kommunale avløpsanlegg på vassførekomst

Det er kartlagt at utslepp frå avløpsanlegg i liten grad påverkar Hallefjorden og Rovdefjorden. Det er lista opp tre tiltak i vass-nett portalen som er planlagt for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand:

- Etablere slamavskiljar i Sandshamn (tiltaks ID 1101-1499-M),
- Etablere slamavskiljar i Hallelia (1101-1496-M),
- Etablere slamavskiljar i Breivikneset (1101-1499-M).

Det er også foreslått (1101-1190-M) å overføre noverande utslepp til sjøen ved Larsnes til en anna resipient med betre kvalitet.

5.1.4 Påverknad av industri

Gjerdsvika og Gursken er påverka i middels grad av punktutslepp frå skipsindustri med mistanke om grunnforureining. Det er planlagt å undersøke nærmare om punktutslepp i Indre Gursken påverkar nabovassførekomstane (1101-213-M). I Gjerdsvika er det påvist forureina sediment med kjeldene ikkje er kartlagt.

Kystvatn ved Larsnes er kartlagt som sterkt påverka av Larsnes Mekaniske Verksted. Det er laga ein tiltaksplan, og opprydding av forureina sjøbotn er starta (1101-208-M).

5.1.5 Påverknad av landbruk og akvakultur på vassførekomst

Sædalsvatnet er påverka i middels grad av landbruk grunna diffusavrenning frå beitemark.

Myklebustelva og Brekkeelva er sterkt påverka av landbruk gjennom fysiske inngrep langs vassdraget. Kantvegetasjonen er i dårleg stand. Det er også påvist av havforskningsinstituttet at lakselus påverkar fiskane i vassdraget.

5.2 Kommunale avløpsanlegg

5.2.1 Avløpsdistrikt

Det vert definert 15 avløpsdistrikt basert på leidningsnett og utslepp, sjå Tabell 4. Vedlegg 1 syner omriset til avløpsdistrikta samt eigedomar med privat anlegg.

Avløpsdistrikta er definert basert på dagens spillvassnett og tiltak for utviding av leidningsnettet i planperioden.



Tabell 4 – Avløpsdistrikt

Avløpsdistrikt	Resipient	Dagens rensemetode
LARSNES	Hallefjorden	Ureina
GJERDSVIKA	Gjerdsvika	Slamavskiller
HALLELIA	Hallefjorden	Slamavskiller
SANDSHAMN	Hallefjorden	Ureina
SÆTRE	Gursken	Slamavskiller
HAUGSBYGDA	Gursken	Ureina
KVAMSØYA	Haugsfjorden	Ureina
BREIVIKA	Hallefjorden	Ureina
VÅGOSEN	Gursken	Slamavskiller
LISENESET	Rovdefjorden	Ureina
GOTANESET	Herøyfjorden	Ureina
KNOTTEN	Gursken	Ureina
GURSKEN	Gursken	Ureina
GRØNNNEVIKA	Hallefjorden	Ureina
STORHAUGEN	Hallefjorden	Slamavskiller

5.2.2 Slamavskiljar

Det er seks kommunale slamavskiljar i fem forskjellige avløpsdistrikt, sjå Tabell 5. Gjerdsvika og Sætre er slamavskilt gjennom betong slamavskiljar som er dimensjonert for 300 Pe kvar. Kapasiteten til desse er vurdert til å vere god nok for framtidig belastning. På Vågosen er det 2 kommunale slamavskiljar med et total volum på 43 m³ som også er dimensjonert for dagens og framtidig belastning. Storhaugen tek ikkje imot avløp per i dag frå framtidig bustadfelt men er dimensjonert for ca. 240 Pe.

Dimensjonering av eksisterande slamavskiljar tek utgangspunkt i 9 timer opphaldstids og årleg tømning.

Tabell 5 – Oversikt eksisterande kommunale slamavskiljar.

Avløpsdistrikt	Byggjeår	Totalt volum
GJERDSVIKA	1985	130
SÆTRE	1985	130
HALLELIA	2021	110
STORHAUGEN	2023	80
VÅGOSEN	2000	18
VÅGOSEN	1977	25

5.2.3 Avløspumpestasjonar

Det er registrert 10 kommunale avløspumpestasjonar, sjå Tabell 6. Vedlegg 2 syner kor de er lokalisert. Vedlegg 5 er ein spesifikasjon av utforming og utstyr i pumpestasjonane samt ei vurdering av tilstand for desse.

Tabell 6 – Oversikt eksisterande kommunale avløspumpestasjonar.


Nummer	Avløspumpestasjon	Byggår	Driftidsmåler	Sensor overløp	Mengdemåler	Tilstandsvurdering
1	Gjerdsvika, Stad Sanco	2009	Ja	Nei	Nei	Middels
2	Gjerdsvika, Stadion	1993	Ja	Nei	Nei	Middels
3	Haugsbygda, GS-marine	2010	Ja	Nei	Nei	God
4	Haugsbygda, Sjølyst	2010	Ja	Nei	Nei	Middels
5	Larsnes, Dalelva	2004	Ja	Nei	Nei	Middels
6	Larsnes, Ferjekai	1988	Ja	Nei	Nei	OK
7	Sandsøy, Våge	1994	Ja	Nei	Nei	OK
8	Sandsøy, Kongsvollen	1995	Ja	Nei	Nei	OK
9	Sandsøy, Sandshamna	1990	Ja	Nei	Nei	Middels
10	Sandsøy, Mikkholmen	1994	Ja	Nei	Nei	Middels

5.2.4 Leidningsnett

Det kommunale avløpsanlegget er delt i 15 samanhengande leidningsnett og har ei total lengde på 40,7 km. Det finst også 2,4 km avløpsledning som er privat eid. Larsnes avløpsdistrikt har størst lengd sjølvfallsleidningsnett (7 km). I Gjerdsvika og på Sandshamn er det 5,6 km og 5,1 km sjølvfallsledning.


Eksisterande leidningsnett er analysert på grunnlag av data frå kommunen sitt leidningskart og opplysningar innhenta ved utarbeiding av planen. Det er generelt lite data om kvaliteten til eksisterande leidningsanlegg.

Leggeperiode for leidningane er vist i Figur 5. Leggeår er ukjent for meir enn 92% av leidningane. Berre 0,4 % av leidningane er kartlagde som lagt før 1980. Mellom 1980 og 1999 vert det lagt 611 meter (1,5 %) som framleis er i drift. Leidningsnettet lagt i nyare tid (2000-2023) utgjer 5,7% av den totale lengda av leidningsnett.



Figur 5 – Leggeperiode for avløpsleidningar.

I hovudsak består leidningsnettet av PVC-rør (Figur 6). For over en tredjedel av leidningsanlegget er materiale ukjent. Det er i mindre grad glasfiberrør, glatte og dobbeltvegg PP-rør samt PE-leidningar av forskjellige densitetar.



Figur 6 – Leidningsmateriale for avløpsleidningar.

Det er berre kartlagt 41 meter med fellesleidningar over heile kommunen. Spillvassnettet består av 3,6 km med pumpeleidningar og 35,6 km sjølvfallsleidning. Det er kartlagt 12 km med overvassleidningar, særleg i nyare bustadfelt.

Det er utført ei forenkla framandvatnanalyse for få betre kjennskap om innleking i leidningsnettet og skape grunnlag for tiltaksplanlegging for fornying av strekningane som er minst tette, eller kor det er kopla på overvassrør.

5.2.5 Utsleppsløyve for kommunalt anlegg

Kommunen har sjølv forvaltningsmynde for utslepp av avløpsvatn til sjø for inntil 10 000 Pe og kan såleis gjere vedtak om utsleppsløyve for alle dei kommunale utsleppa.

I førre hovudplan (1999 - 2003) er det søkt om utsleppsløyve for heile det kommunale avløpsanlegget i perioden 01.01.1999 til 31.12.2009. Det føreligg ikkje dokumentasjon om godkjenning av utsleppsløyvet det blei søkt om i førre hovudplan. Den godkjenninga er ein formalitet sidan kommunen søker seg sjølv.

Det er ikkje søkt om nytt utsleppsløyve etter 2009.

5.3 Private avløpsanlegg

Det er registrert 691 privat avtalar i kommunen si database *Komtek*, sjå Tabell 7. Vedlegg 1 syner kvar privat avløpsanlegg er lokalisert. Kommunen har ikkje oversikt på størrelse for mindre private slamavskiljar og plassering av desse. Dei aller fleste privat anlegg ligg utanfor tettstadane i kommunen og har utslepp til havet.

Tabell 7 – Private avløpsanlegg.

Område	Antall privat anlegg	Antall privat anlegg som driftast kommunalt
Gjerdsvik	75	6
Gursken	229	13
Kvamsøy	110	0
Gurskøy sør	148	20
Sandshamn - Voksa	158	0
Total	720	39

6 Strategi og tiltak

Analysen av eksisterande situasjon for avløp gjev grunnlag for å etablere ein tiltaksplan for perioden 2026-2035. Tiltaka skal sørge for at avløpshandtering er i tråd med gjeldande regelverk og måla nemnt i kapittel 4.

Tiltak for avløp vil i hovudsak vere:

- etablering av slamavskiljar, pumpestasjon og tilhøyrande infrastruktur,
- leidningsutskifting,
- leidningskartlegging,
- auke tilknyttinga til kommunale avløpsanlegg,
- oppgradering av eksisterande pumpestasjonar med mengdemålar og registrering for overløp.

Det er valt å prioritere tiltak som gir best miljøgevinst. Tiltak som etablering av slamavskiljar i avløpsdistrikt med flest personekvivalent har difor høgare prioritering i handlingsplanen.

Det er også prioritert tiltak som reduserer drifts- og vedlikehaldskostnad. Utskifting av leidningsnett er prioritert høgt då det vil redusere framandvatn inn på nettet som mellom anna vil redusere kostnaden for pumping av avløp.

6.1 Tiltak for reinsing av avløp

Det er fleire avløpsdistrikt i kommunen som har eit direkte utslepp til resipient. Det vert planlagt å etablere 4 slamavskiljar i følgjande avløpsdistrikt: Larsnes, Haugsbygda, Sandshamn og Kvamsøy. Vedlegg 3 syner dimensjonering av slamavskiljarane og forslag til plassering. Dimensjonering er summert i Tabell 8. Tabellen syner Pe, spesifikke mengder og kva tømmeffrekvens som er brukt i dimensjoneringa.

Det er teke utgangspunkt i 200 l/d per Pe for dimensjonering av slamavskiljarane. Sidan slamavskiljarane har utslepp til fjorden er det brukt 9 timar hydraulisk oppholdstid. Slamproduksjon per Pe er antatt 250 liter per år.

Tabell 8 – Dimensjonering av slamavskiljarane på Larsnes, Haugsbygda, Sandshamn og Kvamsøy.

	Larsnes	Haugsbgyda	Sandshamn	Kvamsøy
Spesifikk avløpsmengde (l/d per Pe)	200	200	200	200
Total Antall Pe	950	283	358	112
Dimensjonerende avløpsmengde (m ³ /d)	190	57	72	22
Oppholdstid (t)	9	9	9	9
Nødvendig vannvolum (m ³)	71	21	27	8
Tømmeffrekvens (n/år)	1	1	0.5	0.5
Spesifisk slamvolum (liter slam / år per Pe)	250	250	250	250
Nødvendig slamvolum (m ³)	238	71	179	56
Samlet volum (m ³)	309	92	206	65



6.2 Tiltak leidningsanlegg

Det er planlagt utskifting av rett over 4 km og utviding av ca. 2,1 km med avløpsleidningar i planperioden 2026-2035. Årleg utskiftingsrate er på 1%. Tabell 9 syner lengde for utskifta leidningar for kvar tiltak og Tabell 10 syner lengde for planlagt utviding.

Tabell 9 – Planlagt leidningsutskifting for kvart tiltak etter type leidning.

Tiltakskode	SP (m)
GJER-1	952
HAUG-2	443
HAUG-3	674
KVAM-1	348
LARS-2	396
LARS-3	13
LARS-4	448
SAND-1	828
Totalsum	4102

Tabell 10 – Planlagt leidningsutviding for kvart tiltak.

Tiltakskode	SP (m)	SPP (m)	Totalsum (m)
HAUG-4	747		747
KVAM-2	37	67	104
Totalsum	784	67	851

6.2.1 Tiltak Larsnes

På Larsnes er det planlagt etablert slamavskiljar og pumpestasjon med tilhøyrande infrastruktur ved utløpet til Larsneselva (LARS-1). Det er også anbefalt å kartlegge eksisterande SP-leidning frå krysset Larsnesvegen – Vardane og opp til Kvernhusdalen i tillegg til SP-leidning langs Dalen (LARS-2 og LARS-3). Det er planlagt utskifting av SP-leidning langs Larsneselva (frå Sjukeheimsvegen) mot Vardane (LARS-2), ca. 400 meter. Ved Prestegardvegen er det planlagt å skiftet ut SP-leidningen frå 1976 (LARS 4).

6.2.2 Tiltak Sandshamn

På Sandshamn er det planlagt etablert slamavskiljar og pumpestasjon med tilhøyrande infrastruktur (SAND-3). Leidningsutskifting ved Nøresande og Sandsbakken er planlagt med tiltaket SAND-1. Etter at analysen var gjennomført er det blitt opplyst om at det er mykje framandvatn i dette området. I samband med utskifting av leidningsnett bør det kartleggast eksisterande SP-leidning mellom Våge og eksisterande avløpspumpestasjon på Kongsvollen (SAND-1).

6.2.3 Tiltak Haugsbygda

Mellom Gurskevegen og Haugsbygda vegen er det planlagt utviding av leidningsnett med ca. 750 meter (HAUG-4). Denne SP-leidninga avskjer ovanforliggande bustadfelt, som fører til at 8 private og 41 kommunale abonnentar kan koplast på og vert ført til eksisterande avløpspumpestasjon ved båthamna. Fellesavløpsleidninga som har utløp innanfor moloen *Stabben* (venstre side), er føreslått sanert (HAUG-2) og erstatta med ei SP-leidning på ca. 450 meter der 11 privat abonnentar blir kopla til ny slamavskiljar og avløpspumpestasjon som er



planlagt rett nord for Budavegen 38 (HAUG-5). Det er anbefalt å kartlegge eksisterende SP-leidning i bustadfeltet Indre Hauge (HAUG-3). Det er også planlagt utskifting av eksisterende SP-leidning frå Haugsbygda 252/253 og opp til Skogsvegen 15/20, ca. 700 meter (HAUG-3).

6.2.4 Tiltak Kvamsøy

På Kvamsøy er det planlagt etablert 1 stk. slamavskiljar (KVAM-3) og 2 stk. pumpestasjon (KVAM-2 og KVAM-3) med tilhøyrande infrastruktur på Hamna. Det er også planlagt utviding av leidningsnett (KVAM-2) frå tenkt ny avløpspumpestasjon på Hamna mot Ristesundvegen 33 (SP-leidning) og mot kryssing Bringsinghaug/ Ristesundvegen/Myrdalen (SPP-leidning), totalt ca. 100 meter. Utvidinga vil kople alle abonnentar (34 kommunale og 4 private) til dei nye pumpestasjonane. Det er planlagt utskifting av eksisterande SP i Bringsinghaugvegen og opp til Myrdalen 41 (KVAM-1), ca. 350 meter.

6.2.5 Tiltak Gjerdsvika

Det er planlagt sanering av avløpsleidningar ved Risevegen og Dekkevegen (GJER-1). Det finst per i dag mange elvekryssingar som kan bidra til høg framandvatn del i området. Tiltaket vil redusere talet elvekryssingar og forenkle leidningsnett. Totalt blir det utskifta sjølvfallsleidningar som mottok avløp frå 34 abonnentar.



7 Handlingsplan

Tiltak nr.	Beskrivelse	Kostnad mill. kr.	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
PST-1	Oppgradering eksisterende pumpestasjoner med mengdemåler og registrering overløp	1.35	0.15	0.15	0.15	0.15	0.15	0.15	0.15	0.15	0.15	
LARS-1	Etablering slamavskiljar, pumpestasjon og tilhørende infrastruktur på Larsnes	5.55	2.78	2.78								
LARS-2	Utskifting og kartlegging ledningsnett ved Larsneselva og mot Vardane	2.45	1.22	1.22								
LARS-3	Separering drenering gravplass og kartlegging ledningsnett på Larsnes langs Dalen	0.18			0.18							
SAND-3	Etablering slamavskiljar, pumpestasjon og tilhørende infrastruktur på Sandshamna	3.40			1.70	1.70						
HAUG-5	Etablering slamavskiljar, pumpestasjon og tilhørende infrastruktur vest for Haugsbygda hamn	2.41			1.21	1.21						
KVAM-3	Etablering slamavskiljar, pumpestasjon og tilhørende infrastruktur på Kvamsøy ved Hamna	2.17			1.09	1.09						
HAUG-4	Utviding ledningsnett med avskjerende ledning Haugsbygda	2.51					1.26	1.26				
GJER-1	Utskifting ledningsnett Risevegen og Dekkeringen, sanering 4 elvekryssing	6.18					2.06	2.06	2.06			
SAND-1	Utskifting og kartlegging ledningsnett på Sandbakken og Nøresande på Sandshamn	3.11						1.56	1.56			
LARS-4	Utskifting ledningsnett Prestegardsvegen og Haugen	3.23							1.62	1.62		
HAUG-2	Utskifting fellesavløpsledning Haugsbygda	1.82								0.91	0.91	
KVAM-1	Utskifting ledningsnett på Kvamsøy ved Myrdalen	1.69								0.85	0.85	
HAUG-3	Utskifting og kartlegging ledningsnett på Haugsbygda ved Haugelia	3.80									1.90	1.90
KVAM-2	Utviding ledningsnett og etablering pumpestasjon på Kvamsøy nord for ferjekaia	1.90										1.90
Sum		41.8	4.1	4.1	4.3	4.1	3.5	5.0	5.4	3.5	3.8	3.8

8 Automatisk freda kulturminne

Kulturminne frå oldtid og middelalder (inntil 1537) , samisk kulturminne frå 1917 eller eldre, ståande byggverk med opphav frå perioden 1537-1649 og alle skipsfunn (og skipslaster) som er eldre enn hundre år er automatisk freda. Kulturminnelova §3 gjev forbod mot inngrep i desse kulturminna utan det vert gitt løyve av kulturminnemynde.

Tiltaka i teamplan er ikkje i direkte konflikt med automatisk ferd kulturminna i Sande kommune. Likevel kan dei nye avløpstraseane komme i konflikt med ikkje kjende kulturminne, og spesielt i traseområde som ligg nær automatisk freda kulturminne. Møre og fylkeskommune ser det som naudsynt at kommunen utføre arkeologiske vurdering knytt til registrering og avklaring kring potensielle konflikt ved traseane Sand-1 på Sandshamn og Haug-4 i Haugsbygda. Utover dette bør alle nye trasear avklarast med kulturminnemynde før ein set i verk tiltak.

Dersom ein gjennom eit godkjent tiltak gjer funn av det som kan vere eit automatisk freda kulturminne, skal ein straks stoppe arbeidet og ta kontakt med sakshandsamar i kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette kan vere funn som steinsettingar, kolkonsentrasjonar eller gjenstandsfunn av stein, flint, jarn eller andre metall.

9 Gebyrutvikling

Momentum Visma har gjennomfør berekning av gebyrutvikling i planperioden ved gjennomføring av tiltaksplan innanfor sjølvkostområdet avløp. Vedlegg 6 i temaplanen viser berekning og prognoser. Eit kort fatta samandrag er vist under:

Normalgebyr 165m3	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
Årsgebyr eks. mva	4 095	4 423	4 821	5 062	5 292	5 552	5 859	6 332	6 884	7 151	7 618	7 721
Årsgebyr inkl. mva	5 119	5 308	5 544	5 821	6 086	6 384	6 737	7 282	7 916	8 224	8 760	8 879
Endring gebyr frå året før(%)		3,7	4,4	5	4,5	4,9	5,5	8,1	8,7	3,9	6,5	1,4

Kommunale gebyra er berekna i tråd med forskrift om berekning av sjølvkost. Sjølvkost innebære at ekstra kostandane som kommunen påførast ved å produsere ein bestemt teneste skal dekkast av gebyra som brukarane av tenesta betalar. Det er ein rekke faktorar som påverkar sjølvkostresultatet, og som ligg utanfor kommunen sin kontroll. Dei viktigaste faktorane er budsjettåret sin forventa kalkylerente (3mnd. NIBOR+0,7%-poeng), kapasitetsberekningar ved gjennomføring av planlagde prosjekt, samt usikre utgifter og inntekter. Samla gjer dette til at der utfordrande å treffe budsjettet for kvart år.

10 Reglar for privat tilknyting

Forslag til vedtak om privat tilknyting til offentleg vass- og/eller avløpsnett:

Tilstøytande eigedomar med separate anlegg skal sanere sine anlegg og knyte seg til nytt vass- og/eller avløpsanlegg så lenge tilknytingsarbeidet kostar mindre enn 1,5 x grunnbeløpet i folketrygda. I spesielle høve kan kommunen gjere vedtak om å dekke overskytande kostnader.

Eigedomar med høgare tilknytingskostnader kan oppretthalde sine anlegg, under føresetnad av at anlegga oppfyller alle krav etter ny forskrift. Dette kan medføre behov for oppgradering.

Utbygging av kommunale vass- og avløpsanlegg etter denne planen gjeld berre hovudleidningar så langt dei kan finansierast innanfor sjølvkostområdet for vatn og avløp. Vidare utbygging av vatn og avløp til bustadar som ligg innanfor det som PBL §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd definerer som «nærliggande areal» vil måtte takast stilling til i det enkelte prosjekt ettersom dette truleg må finansierast gjennom kommunen sine ordinære midlar.

Liste figurar

Figur 1 – Tall for befolkninga av dei forskjellige tettstadane i kommunen i 2013, 2017, 2020, 2023 og 2024 [19].	11
Figur 2 - Vassområde Søre Sunnmøre [20].	16
Figur 3 - Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram [20].	17
Figur 4 - Kommunale avløpsutslepp og økologisk tilstand til vassførekomstar [21].	19
Figur 5 – Leggeperiode for avløpsleidningar.	22
Figur 6 – Leidningsmateriale for avløpsleidningar.	23

Liste tabellar

Tabell 1 - Type vassførekomstar i Sande kommune [21].	17
Tabell 2 – Tilstand kystvatn i Sande kommune [21].	19
Tabell 3 – Tilstand innsjøar og elvar i Sande kommune [21].	19
Tabell 4 – Avløpsdistrikt	21
Tabell 5 – Oversikt eksisterande kommunale slamavskiljar.	21
Tabell 6 – Oversikt eksisterande kommunale avløpsspumpestasjonar.	22
Tabell 7 – Private avløpsanlegg.	24
Tabell 8 – Dimensjonering av slamavskiljarane på Larsnes, Haugsbygda, Sandshamn og Kvamsøy.	25
Tabell 9 – Planlagt leidningsutskifting for kvart tiltak etter type leidning.	26
Tabell 10 – Planlagt leidningsutviding for kvart tiltak.	26



Referansar

- [1] InterConsult Group, «Kommunedelplan avløp Sande kommune,» Sande kommune, Larsnes, 1999.
- [2] Norsk Vann, «Revidert avløpsdirektiv,» Norsk Vann, 18 12 2024. [Internett]. Available: <https://norsk vann.no/avlopsrensing-og-miljo/revidert-avlopsdirektiv/>. [Funnen 12 02 2025].
- [3] Lovdata, «Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven),» Lovdata, 01 10 1983. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6?q=Forurensningsloven>. [Funnen 12 02 2025].
- [4] Lovdata, «Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) Del 4. Avløp,» Lovdata, 01 01 2007. [Internett]. Available: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4. [Funnen 12 02 2025].
- [5] Lovdata, «Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova),» Lovdata, 01 07 2012. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-03-16-12>. [Funnen 13 02 2025].
- [6] Lovdata, «Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven),» Lovdata, 27 06 2008. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=pbl>. [Funnen 14 02 2025].
- [7] Lovdata, «Forskrift om rammer for vannforvaltningen,» Lovdata, 01 01 2007. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>. [Funnen 14 02 2025].
- [8] Vannportalen, «Vannforskriften,» Vannportalen, 22 03 2024. [Internett]. Available: <https://www.vannportalen.no/regelverk-og-foringer/lover-og-forskrifter-av-betydning-for-forvaltningen-av-vann/vannforskriften>. [Funnen 14 02 2025].
- [9] Lovdata, «Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven),» Lovdata, 01 01 2012. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>. [Funnen 14 02 2025].
- [10] Lovdata, «Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften),» Lovdata, 01 01 1997. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>. [Funnen 14 02 2025].
- [11] Lovdata, «Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskriften),» Lovdata, 01 01 2010. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-08-03-1028>. [Funnen 18 02 2025].
- [12] Lovdata, «Forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften),» Lovdata, 01 01 2017. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-12-22-1868>. [Funnen 18 02 2025].

- [13] Lovdata, «Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassforskriften),» Lovdata, 01 01 1997. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-01-10-16>. [Funnen 18 02 2025].
- [14] Statsforvalteren, «Gravplassveileder - En veileder for lokale gravplassmyndigheter,» Statsforvalteren, 30 03 2021. [Internett]. Available: <https://www.gravplassveileder.no/stedet/gravplassforskriften--8-om-grunnvann-og-drenering-mv/>. [Funnen 18 02 2025].
- [15] Helse- og omsorgsdepartementet og Klima- og miljødepartementet, «Nasjonale mål for vann og helse med gjennomføringsplan - Målsettinger og tiltak under Protokollen for vann og helse,» Helse- og omsorgsdepartementet og Klima- og miljødepartementet, -, 2024.
- [16] Sande kommune, «KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2023-2027,» Sande kommune, Larsnes, 2024.
- [17] Sande kommune, «Føresegner til kommuneplanen sin arealdel (2014-2026),» 17 12 2015. [Internett]. Available: <https://www.sande.kommune.no/tenester/bygg-eigedom-og-plan/plankart-arealplan/foresegner-til-kommunen-sin-arealplan-2014-2026/>. [Funnen 18 02 2025].
- [18] Kommuneforlaget, «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp,» Kommuneforlaget, 7 10 2008. [Internett]. Available: https://www.sande.kommune.no/_f/p37/i7e755536-fcc7-43c1-a0b4-5be0e9536dc2/administrative_bestemmelser_vatn_avloep_2014.pdf. [Funnen 18 02 2025].
- [19] E. Rokstad, «Sande kommune - Fakta om Sande,» Sande kommune, 11 06 2024. [Internett]. Available: <https://www.sande.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/om-sande-kommune/sande-kommune/>. [Funnen 09 04 2025].
- [20] Vannportalen, «Vannportalen,» Miljødirektoratet, 10 04 2025. [Internett]. Available: <https://www.vannportalen.no/>. [Funnen 16 11 2022].
- [21] Vann-Nett, «Vann-Nett,» Miljødirektoratet, 10 04 2025. [Internett]. Available: <https://vann-nett.no/waterbodies/map>. [Funnen 16 04 2024].
- [22] Lovdata, «Forskrift om brannforebygging,» Lovdata, 01 01 2016. [Internett]. Available: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-12-17-1710>. [Funnen 18 02 2025].

Vedlegg

Vedlegg 1 : Temakart avløpsdistrikt med private anlegg

Vedlegg 2 : Sonekart med tiltak og avløpsdistrikt

Vedlegg 3 : Etablering av nye slamavskiller i Larsnes, Haugsbygda, Sandshamn og Kvamsøy

Vedlegg 4 : Framandvatnanalyse

Vedlegg 5 : Oversikt avløpsspumpestasjon

Vedlegg 6 : Notat gebyrutrekning Momentum